




AURLAND KOMMUNE

17.06.2021

Framtidig bruk av Vangen barnehage

Prosjektbestilling

Prosjektnummer: <>
Focus websak:21/887



Revisjons- nr.	Endring	Godkjent av prosjekteier/dato		Mottatt av prosjektleder/dato	
1	07.09.2021	Steinar Søggaard	07.09.2021	Henning Elgåen	07.09.2021

Innhold

1. Bakgrunn og behov	3
1.1. Bakgrunn	3
1.2. Kva vert bestilt	3
2. Mål	3
2.1. Samfunns mål	3
2.2. Effektmål	3
2.3. Resultatmål	4
3. Rammebetingelser og grensesnitt	4
4. Organisering og ansvar	4

1. Bakgrunn og behov

1.1. Bakgrunn

Barnehagen på Vangen flytter til nye lokaler. Ny barnehage skal etter inngått kontrakt stå klar 1. november 2021. Ny Aurland barnehage skal vere i drift i nye lokaler frå 03.01.2022. Vangen barnehage, tidlegare skulebygget på Vangen vert frå 03.01.2022 ståande tomt. Aurland kommune er eigar av bygget. Kommunen må vurdere etterbruk av bygget og/eller tomta. I denne prosessen må ein sjå på mellombelse kommunale behov, grunna utbygginga innan pleie og omsorg, samt om kommunen har eit varig behov for eksisterande bygningsmasse og/eller tomt. I denne samanhengen må kostnader ved framtidig bruk av bygget i kommunal regi avklarast. Det må også bli vurdert om bygget skal avhendast. Bygget ligg sentralt på Vangen og har ei sentral plassering i høve andre kommunale tenester som til døme Bu- og miljøtenesta, samt er i kort avstand til sjukeheimen.

Særleg bu og miljø tenesta har meldt inn behov for lokale. Kommunen har også motteke innspel frå private kring framtidig bruk av Vangen barnehage.

1.2. Kva vert bestilt

Avklare framtidig bruk av Vangen barnehage.

2. Mål

2.1. Samfunns mål

Prosjektet skal sikre god og effektiv utnytting av bygg og tomta.

2.2. Effektmål

- Sjå på mellombelse behov grunna ombygging/nybygg innan helse og omsorg, særleg knytt til byggjeprojektet ved Aurland helsetun.
- Sjå på kommunen sine varige behov vurdert opp imot avhending av eigedomen.
- Utreie kostnader for dei ulike løysingsforslaga til drift av bygget og investeringsbehov den framtidige bruken krev.
- Kartlegge kva bindingar, heftelser m.fl. som ligg til bygget og eigedomen, herunder planstatus, bygningsvern, klausular i samband med erverv av tomt m.fl.

- Sjå på framtidig bruk av eigedomen både med og utan eksisterande bygningsmasse. Framtidig bruk skal sjåast i samanheng med bustadpolitisk plan og arbeidsgruppe.

2.3. Resultatmål

Prosjektet skal leggja fram framlegg til framtidig bruk av bygget:

1. På kort sikt: Mellombels behov i samband med ombygging og nybygg på helsetunet.
2. På lang sikt: Avklare om kommunen har behov for bygget.
3. Ikkje kommunal behov: Avhending/sal/utleige(forankring i eiga sak om sal av kommunale eigedomar).

3. Rammebetingelser og grensesnitt

- Kommuneplanen sin handlingsdel.
- Økonomiplan og budsjett.
- Kommuneplan/reguleringsplan.
- Sentralt styringsdokument.
- Prosjektbestilling frå prosjekteigar(dette dokumentet).

Grensesnitt:

- Bustadpolitisk handlingsplan, politisk arbeidsgruppe.
- Kommuneplanarbeid, samfunnsdel og arealdel(under arbeid).
- Bygningsmessige tiltak Aurland Helsetun.
- Bygging av ny barnehage.
- Prosess kring sal av kommunale eigedomar(blir eiga sak i november).

Økonomiske rammer: Prosjektarbeidet skal finansierast internt på einingane.

Resultatet frå prosjektet skal presenterast i kommunestyret i desember.

Leveranse til rådmann 30.11.2021.

4. Organisering og ansvar

Prosjekteigar: Rådmann Steinar Søgaard

Prosjekteigar sin representant: Reinhardt Sørensen/Jan Olav Å. Møller.

Prosjektleiar: Ingeniør Henning Elgåen.

Arbeidsgruppe:

- Henning Elgåen
- Christine Warholm Naasen.
- Essi Mäki

- Guri Olsen

Fagressursar: Steve Elgåen, Ola Bjørgum, Ingunn B. Skjerdal, Reidar Johnsen.

Framdriftsplan og milepælar skal kome fram av sentralt styringsdokument.

Prosess for brukarmedverknad må synleggjerast i styringsdokumentet.

Signert ved bestilling:

Aurland, 07.09.2021.

Steinar Søgård
Rådmann

